

**Notat**

Dato: 18.04.2018  
Arkivsak: 2015/8848-25  
Saksbehandlar: beagran

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Tiltaksplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon skuleskyss \_status april 2018**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 30/16 i møte 14.6.16:

**«Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016**

*Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte revisjonsrapporten.*

*Innstillinga vart samrøystes vedteken.*

**Vedtak**

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av skuleskyss ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:*

- 1. Etablere eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:  
Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.  
Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skuleskyss internt i Skyss.  
Oppdaterte prosedyrar, retningslinjer og rutinar for arbeidet med skuleskyss som blir revidert jamleg.  
System for registrering og handsaming av klager.*
- 2. Etablere system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.*
- 3. Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggast til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skuleskyss.*
- 4. Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette  
Betre heilskapleg planlegging av skysstilbodet  
Betre oppfølging av operatørar*
- 5. Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Handlingsplan vart utarbeid av Skyss og sendt over til kontrollutvalet 28.09.2016.

Kontrollutvalet gjorde deretter slik vedtak i sak PS 119/2016 i møte 20.10.16:

### **Vedtak**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune.*
2. *På bakgrunn av at det er relativt lenge til det meste av forbedringsarbeidet skal vera ferdig - oktober 2017 - ber kontrollutvalet om ny førebels status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 28.2.2017.*

På møte i kontrollutvalet 27.03.2017 vart datoen med frist i punkt 2 i vedtaket i PS 119/2016 teke opp. Utvalet bad om at ny skriftleg status vart levert innan 01.08.2017 noko som vart gjennomført.

Etter møte i kontrollutvalet 29.08.2017 ønskte utvalet at ny tilbakemelding vart send sekretariatet innan 15.11.2017 for handsaming i møte 29.11.2017 noko som vart gjennomført.

På møte i kontrollutvalet 29.11.2017 vart saka teke opp. På bakgrunn av at det framleis var noko arbeid som stod igjen før alle punkt var ferdig gjennomført, bad kontrollutvalet om ny skriftleg status levert innan 01.05.2018, og gjorde følgende vedtak:

### **Vedtak**

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner det ikkje er tilfredsstillande at forbedringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av skuleskyss ikkje er ferdig nesten 1 ½ år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
2. *På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1a, 2 og 3 innan 01.05.2018.*

Rapport med status i arbeidet med tiltak frå handlingsplanen er no utarbeidd, og ligg vedlagt.

Vedlegg:

- Tiltaksplan – oppfølging av forvaltningsrevisjon skuleskyss\_status per april 2018.pdf